



Hardangerrådet iks



Hardanger

NYTTÅR 2021/2022

Orientering om prosjekt og aktivitetar me arbeider med.

Regionrådet 2019-2023


Hardangerrådet iks er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane /herada Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik. Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og eit mål er å gje enkeltkommunane ei sterkare stemme inn mot myndigheiter i stat og fylke samt å utgjera ein meirverdi for medlemskommunane.

Rådsordførar 2021 var Torgeir Næss, Kvam herad. Rådsordførar 2022 er Roald Aga Haug, Ullensvang kommune med rådsvaraordførar Anders Vatle, Eidfjord kommune. Styreleiar er Jostein Ljones og ny leiar i rådmannsforum er Ole-Jørgen Jondahl, Ullensvang kommune.



Digitalt Hardangerrådsmøte 17.12.2021

Korona har prega kvardagen også i 2021. Sjølv om hausten var tilnerma normal, var både , vinter, vår, sommar og no adventstida prega av restriksjonar. For Hardangerrådet har dette ført til mange digitale møter og endra møteplan.



Hardangerrådet med styret i Visit Hardangerfjord 21.10.2021

Aktivitet og prosjekt i 2021

Viktige saker i rådet har vore m.a.:

- Regional Transportplan (RTP)
- Grøn region Vestland
- Temasamarbeid med Sogn Regionråd
- Regionrådssamarbeid i heile Vestland fylke
- Reversering av domstolreforma
- Tiltak knytta til konsekvenser av koronapandemien



Regionråda si rolle i Vestland fylkeskommune



Dialogen mellom Vestland fylkeskommune og regionråda i fylket fortset. Såleis har også året 2021 vore prega av at mange brikkar skal på plass og avklaringar omkring regionråda si rolle har latt venta på seg.



Felles regionrådsmøte Hardanger, Sogn og Voss 05.10.2021 i Bergen KS møte i Bergen 06.10.2021



Hardanger og Voss Ungdomsråd

HU Hardanger
Ungdomsråd
... med auge for framtida!



Hardanger og Voss Ungdomsråd (HU) har dette året hatt 5 rådsmøter, alle digitale. Leiar har vore Sander Eide Aase, Kvam ungdomsråd (delvis konstituert) og nestleiar Bjørk Thorbjørnsen,

Aktivitet og prosjekt i 2021

Ulvik ungdomsråd. Rådet utviklar seg heile tida, og set mange viktige tema på dagsorden. Vedtektene finn du her: [VEDTEKTER HU](#)

Viktige saker i 2021 har vore:

- Å planlegga og gjennomføra Hybrid Hardanger Ungdomsting 02.06.2021
Tema: Framtida til ungdom i Hardanger og Voss



- Uttale til RTP frå Hardanger og Voss Ungdomsråd, 09.02.2021
- Å planlegga og gjennomføra "Foredrag rett i klasserommet" med Piateed 16.09.2021
- Planlegging av gjennomføra innlegg på Hardangerkonferansen 2021



Team Hardanger



Team Hardanger (TH) er eit nettverk av Hardanger sine kommunale og regionale næringsansvarlege og etablerarrettleiarar, leiarane i dei to næringshagane i Hardanger og dagleg leiar i Visit Hardangerfjord. TH har også i 2021 vore leia av Jan Tjosås, nærings sjef i Kvam herad. TH er koordinert av Hardangerrådet iks og har hatt 6 møter, dei fleste digitale pga korona. Viktige saker i 2021:

- Uttale saman med Hardangerrådet til VLFK om vidareføring av etablerarfond Hardanger.
- Arbeid med og for rapporten: Grøn Region Indre Vestland
- Internasjonalisering - felles prosjekt for Hardanger
- Case Hardanger vert del av hovusprosjekt til VLFK med overskrift besøksforvaltning. Fokus på samarbeid mellom kommunale avdelingar med plan i sentrum.
- Samarbeidsarena Hardanger-Voss-Sogn. Kompetanse og utdanning.



Hardanger Kulturråd

Aktivitet og prosjekt i 2021

Hardanger kulturråd, eit samarbeids- og rådgjevande organ oppretta av kommunane. Rådet har hatt 1 møte i 2021. Korona har slått hardt ned på kulturen, og det faktum at rådet berre har 4 representantar. Leiar i Hardanger kulturråd er Lisbeth Bygstad Celik, kultursjef i Eidfjord Regionalt kulturfond Hardanger på 100 000 vart tildelt 03.12.21. Ellers så har arbeid med Dagsturhyttene vore viktig i alle kommunane, nokre er på plass andre ikkje langt unna.

HARDANGER - BERLIN

HARDANGER sin KUNSTNARBUSTAD i BERLIN



Ordninga [Hardanger-Berlin](#) fortset i 2022 med støtte frå Vestland fylkeskommune. Ansvar er som følgjer: Eidfjord kommune har leigekontrakta og er ansvarleg for husværet, Hardanger Kunstlag har økonomi- ansvar og Hardangerrådet hjelper med adminstrasjon. Arbeidsgruppa for husværet 2021/2022 er leiar i Hardanger kunstlag Tone Tveito Eidnes, leiar i Hardanger kulturråd Lisbeth B. Celik og konsulent i Hardangerrådet Trude L. Rinaldo. Ordninga starta i 2009 og den vart avslutta som ordning i regi av Hardangerrådet 31.12.2016.



Samarbeidsarena Hardanger-Voss -Sogn



Hardangerrådet er leiar av arbeidsgruppa [“Samarbeidsarena Hardanger-Voss-Sogn”](#) på vegne av Vestland fylkeskommune. Etter fylkessamanslåinga er Sogn del av vårt nettverk.

Me er ei regional arbeidsgruppe som ser på regionale behov for: Ny kompetanse, desentralisert utdanningstilbod, dimensjonering av utdanningstilboda, karriererettleiing og vidare- og etterutdanning.

I dette nettverket er det represenantar frå skule, næringsliv, Team Hardanger, Vestland fylkeskommune, NAV, næringshagar og Hardangerrådet. Målet er viktige lokale løysingar for å møta lokale kompetansebehov no og i framtida.



Stride 4 Stride-internasjonalt samarbeid om kompetanse og utdanning




earlall
EUROPEAN ASSOCIATION OF REGIONAL & LOCAL
AUTHORITIES FOR LIFELONG LEARNING



Co-funded by the
Erasmus+ Programme
of the European Union

[Stride 4 Stride](#) har mål å utvikla konsept for å byggja lokale økosystem som kan definera behov og raskt få på plass utdanning. Eit slikt økosystem må inkludera både skule, næring, kommune og utviklingsaktørar. Hardangerrådet er partner i prosjektet saman med Karriere Vestland og VLFK.

Aktivitet og prosjekt i 2021



[Prosjektet](#) skal gjennomføra 4 workshops med mål om å identifisera, forutsjå og implementera eksakte lokale behov. Våren 2022 kjem alle til Vestland og Hardanger, der me kjem til å presentera vårt økosystem så langt. Det inneheld blandt anna pilot om tettare samarbeid mellom ungdomsskule og lokalt næringsliv, næringshagen sin rolle i kompetansenettverk mellom skule og næring, kompetanseforum og det regionale samarbeidet ved Hardangerrådet.



Lokal kultur - Internasjonal sider



Iceland
Liechtenstein
Norway grants
Norway grants



Det internasjonale Siderkultur prosjekt skal fortsetja til 2023. Her skjer det mykje lokalt, men me heng etter internasjonalt. Det er dette prosjektet som held på utvikla eit sensorisk panel i Hardanger, samstundes som det vert forska på sider frå Hardanger på NIBIO Ullensvang. Me har og vore rundt i Hardanger og "forska" på smak med born og andre. Nettverksarbeid pågår heile tida, mest digitalt. I sommar vart Hardanger i kraft av prosjektet invitert til Arendalsuka av Nofima og Nibio under tittel "Sidereventyret i Hardanger", der både sider og Hardanger vart godt profilerte.

[Her finn du mange interessante artiklar om sider frå Hardanger](#) i ulike medier
Meir om prosjektet vårt: [Sjå her.](#)

Aktivitet og prosjekt i 2021



Interkommunalt tenestesamarbeid i Hardanger

Rådmannsforum i Hardanger arbeider med felles utfordringar og problemløysingar innan dei kommunale tenestene. I ei tid med koronarestriksjonar og kommunesamanslåing har den interne aktiviteten i kommunane vore prega av dette. Aktiviteten i rådmannsforum har difor i 2021 vore noko lågare enn normalt.

Alle kommunane i Hardanger deltek i interkommunale samarbeid, i ulik grad og på ulike område, frå interkommunale selskap til vertskommuneordningar. Nokre av områda det no er samarbeid på er Barnevern, Brannvern, IKT, Økonomisystem, Innkjøpsordning, Skjenkekontroll, Tilsynsordning skule-barnehage, Skulefagleg rettleiing, Revisjon, Renovasjon, Vassområde, Legevaktordningar og ØH-senger, m.m.



Hardangerkonferansen 2021

Denne årlege møteplassen sidan 2006, med unntak av 2020, med aktuelle framtidsretta tema for Hardanger vart i 2021 arrangert i Eidfjord med hovudtema: "Nye spelerglar - kven får grønt lys?"



Konferansen er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Sparebanken Vest, Eviny, Visit Hardangerfjord, Vestland Bondelag, vertskommunen Eidfjord, Næringshagen i Ullensvang, Næringshagen i Hardanger, Sparebankstiftinga Hardanger og Hardangerrådet

Aktivitet og prosjekt i 2021



Hardanger Miljøfyrtårn-region



Hardanger miljøfyrtårn-region vart oppretta for at Hardangerrådet skulle vera koordinator i Hardanger. Ordninga er til for å få fokus på miljøvenleg drift og organisering. I 2017 vart ordninga anerkjent av EU, den fyrste i sitt slag. I Hardanger er fleire og fleire bedrifter, organisasjonar/festivalar og kommunehus sertifiserte. Samfunnsoppdraget er klart: Miljøfyrtårn skal hjelpa Norske kommunar og bedrifter til å ta klimaansvar www.miljofyrtarn.no



Regionalt Etablerarfond Hardanger

Vestland fylkeskommune har ikkje vidareført denne tilskotsordninga i 2021, til nyetablering i Hardanger. Rådet ilag med Team Hardanger har sent uttale, og arbeider for at den kjem attende i 2022. Det regionale etablerarfondet var eit målretta tilskot på inntil 50.000 kroner til nyetablerte verksemder.



Vestland
fylkeskommune

Etablerartenesta i Hardanger



Etablerersenteret

Etablerarteneste si fyrstelinje er det kommunane som har ansvar for.

Etablerarskulen i Hardanger ligg no under Etablersarsenteret i Bergen. Det er fylkeskommunen som eig denne tenesta ilag med kommunane. For meir informasjon og kursoversikt sjå www.etablerasenteret.no



www.nhullensvang.no



www.hardangerhagen.no

I Hardanger har me to næringshagar, Næringsshagen i Ullensvang og Næringsshagen i Hardanger. Hardangerrådet har gjennom fleire år støtta arbeidet for Regional Næringsshage i Hardanger. Næringshagar har miljø for nettverksbygging, kompetanseheving og samarbeid mellom verksemder i same bransje og på tvers av bransjar. Målet er auka regional verdiskaping gjennom vidareutvikling og vekst i nye og eksisterande verksemder. I ein næringshage får små verksemder tilgang til relevant kompetanse og nettverk, i tillegg til eit fagleg og sosialt fellesskap. Næringsshagen skal også vera møteplass for verkemiddel- apparat, samarbeidspartnarar og erfaringsutveksling med andre næringshagar i Noreg. Næringshagemiljøet skal bidra til å styrkja utviklingskompetansen i dei enkelte kommunane og på tvers av kommunegrensene.

Ungt Entreprenørskap (UE) arbeider saman med Hardangerkommunane for å styrkja lokal identitet og fremja evne og vilje til nytenkjing og verdiskaping, med skulen som arena. Sentralt i arbeidet er å knyta kontakt mellom skulane og det lokale nærings- og arbeidslivet. UE i Hardanger er eit prosjekt drifta frå Næringsshagen i Ullensvang.

Aktivitet og prosjekt i 2021

For 5.-7.klasse er "Forskarfabrikken" eit sommartilbud også i Hardanger. Det fremjar realfag, teknologi og læreglede.

Næringshagane jobbar for å legge til rette for eit fleksibelt utdanningstilbod i regionen.

Målsetjinga er å etablere eit kompetansesenter som samarbeider med utdanningsinstitusjonar, fylket, NAV og andre naturlege samarbeidspartar, om formell utdanning.

Næringshagane inngjekk eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og Fagskulen Vestland i 2021, noko som vil styrkja studietilbodet i Hardanger i åra som kjem.



www.hardanger.com



Hardanger sin nettstad er hardanger.com. Ei felles nettside, der det er lett å bevega seg vidare inn til alle kommunar, reiseliv og anna næringsliv, kunst og kultur med aktivitetskalendaren til Visit Hardangerfjord. Dette er også Hardangerrådet sin nettstad, med informasjon frå rådet, prosjektarbeid, nyheiter og møtebøker, bladt anna.

www.hardanger.com

Kinsarvik 14.01.2021

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar

Trude L. Rinaldo
Konsulent

